



Har sendt utviklingsplanen for perioden 2018 – 2035 på høyring

Kapittel 6: Framtid: Mål og tiltak

1. Pasientens helseteneste
2. Pasientbehandling
3. Oppgåvedeling og samhandling
4. Organisasjon og leiing
5. Bemanning og kompetanse
6. Forsking og innovasjon
7. Økonomi
8. Teknologi og utstyr
9. Bygg
10. Påvirkning av omverda

Alle helseføretak i landet skal ha utarbeidd sin eigen utviklingsplan innan 2019. Ein utviklingsplan er ein overordna plan for korleis helseføretaket vil utvikle verksemda for å møte dei framtidige behova for helsetenester. [Helse Førde HF](#) har no sendt [framlegget til utviklingsplan](#) på høyring.

Planen skal syne hovudutfordringane, og peike på korleis desse kan løysast innanfor gjeldande føringar, og dei ressursar og rammer som blir stillt til rådvelde.

Utviklingsplanen skal omfatte alle delar av helseføretaket. Kjerneoppgåvene er klinisk verksemd, opplæring, forskning og utdanning. I høyringsbrevet går det fram at ein særleg ønsker seg tilbakemelding knytt til fire spørsmål:

- I kva grad inneheld planen dei rette måla, utviklingsområda og rett ambisjonsnivå ?
- Er det område som manglar, eller er for lite framheva ?
- I kva grad peikar planen på dei viktigaste samhandlingsområda ?
- Er det mogleg med innovasjon og utvikling på andre måtar ?

Høyringsfristen er 12. mai. Etter det skal føretaket arbeide aktuelle innspel og kommentarar inn i ein endeleg versjon som styret i Helse Førde HF skal ta stilling til i løpet av våren.

Interkommunal samhandlingskoordinator

Sjukepleiar Elin Sørbotten er tilsett som interkommunal samhandlingskoordinator innan helse- og omsorgsområdet for kommunane i Sogn og Fjordane. Ho vil starte i funksjonen seinast i august. Elin har sidan oktober 2017 hatt sin arbeidsstad ved [Utviklingssenteret for sjukeheim og heimetenester](#).

Tidlegare arbeidde Sørbotten som avdelingsleiar i [Flora kommune](#). Ho har hatt sitt virke i «vekslingsfeltet» knytt til både utskrivingsklare pasientar, og vore med på opprettinga av Flora kommune sitt ØHD – Tilbod. For tida er Sørbotten og deltidsstudent ved masterstudiet i [organisasjon og velferdsleiing ved Høgskulen på Vestlandet \(HVL\)](#).



Fotografi:
Førde kommune

Sørbotten ser fram til å ta til i stillinga der ho håpar å kunne bidra til å oppretthalde den gode samhandlingsstrukturen og koordinerings mellombesamlinga mellom kommunane og [Helse Førde HF](#) også i framtida: «Eg er oppteken av at kommunane og helseføretaket skal jobbe saman for våre felles brukarar, og at tenestene skal være gode uavhengig av kvar dei er og høyrer til. Min motivasjon er i høg grad basert på å sikre at samhandlinga ber preg av pasientfokus, fagleg kvalitet og gode koordinererte tenester på tvers av nivåa. Forhåpentlegvis vil mi erfaring vere til hjelp for kommunane til å sikre likeverdige og faglege gode system og avtaleverk i tida som kjem».

Gro skal legge til rette for innovasjon og nyskaping i helsesektoren



Eikefjordingen Gro Rukan (bilete tatt av Kristine Folland) er for mange kjend som dagleg leiar i [Framtidsfylket](#). Det har ho vore i fem år, men no tar ho fatt på nye utfordringar. [Kunnskapsparken Sogn og Fjordane](#) har saman med [Helse Førde HF](#) og [Høgskulen på Vestlandet \(HVL\)](#), Campus Førde og Sogndal tilsett Gro som ny forretningsutviklar. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom dei tre, der Kunnskapsparken opererer som kommersialiseringsaktør for innovative idéar med utspring både i helsesektoren og høgskulesystemet. Gro skal arbeide aktivt både for å implementere [Helse Vest RHF sin innovasjonsstrategi](#) og utvikle [idemottaket](#). Rukan erstattar Joachim Vie som no skal arbeide med Norse i selskapet MHI AS.

«Eg har fått tittelen forretningsutviklar, men eg er like mykje ein brubyggjar. Gode idear og nyvinningar kjem ikkje alltid vidare til konkret realisering eller til full utnytting av det ibuande potensialet, fordi ein manglar verktya. Eg skal hjelpe med å realisere draumar! Målet blir å finne dei smarte hovuda, løfte fram dei gode idéane, og koble saman dei rette folkane. Då må vi klare å skape møteplassar med rom for refleksjon, nytenking og nyskaping. Eg skal gjere mitt for å skape kultur for nybrottsarbeid. Dette gler eg meg skikkeleg til», strålar ein entusiastisk Rukan.

Helseføretaka har fått i oppdrag frå [Helse Vest RHF](#) å arbeide aktivt med innovasjon og å auke potensialet for næringsutvikling og kommersialisering. Frå tida som dagleg leiar i Framtidsfylket, er Rukan godt kjend med næringslivet i fylket. Ho var med å starte dei første rekrutteringsmessene, og har god kjennskap til ulike oppstartsbedrifter. Ho er utdanna frå [Universitetet for miljø- og biovitenskap](#), og er på privaten småbrukar med ein liten flokk villsau, nokre høner, og 14 frilandsgris.

Ho har òg bakgrunn frå oppdrettsnæringa, der ho mellom anna har jobba i fôrbransjen, vore dagleg leiar i [Barlindbotn Settefisk](#), vore i felten i Malawi og hatt styreverv i [Fiskeri- og havbruksnæringens forskningsfond](#). I ein periode dreiv ho også si eiga verksemd i Eikefjord, «Nærleiken – Kaffibar, sjelevarmar og slipsmuseum». «*Kompetansen og jobberfaringa mi er frå litt ulikt hald, og nettopp det trur eg kan vere nyttig i innovasjonsarbeid*», avsluttar Rukan.

Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR) skal betre kvaliteten

På oppdrag frå [Helse- og omsorgsdepartementet \(HOD\)](#) har [Helsedirektoratet](#) utvikla [Kommunalt pasient- og brukarregister \(KPR\)](#). Registeret skal bidra til å betre kvaliteten i den kommunale helse- og omsorgstenesta, gjere den meir treffsikker og bidra til å fremje helse og førebygge sjukdom og skade. Etableringa kan forståast som ein viktig milepel, ein mannsalder etter at [NPR \(norsk pasientregister\)](#) blei oppretta for spesialisthelsetenesta.

KPR er heimla i ei eiga [forskrift](#). Data frå registeret kan fungere som styringsgrunnlag for både sentrale styresmakter og kommunane. Kvalitetssikra data kan gi grunnlag for planlegging, styring, finansiering og evaluering av kommunale helse- og omsorgstenester. KPR kan og vere med å bidra til å betre samhandlinga med spesialisthelsetenesta med tanke på eit heilskapleg og likeverdig helsetilbod for befolkninga.

